

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 19.juni 2024 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Dag Kjetil Læg Reid

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara)

Forfall: Magne Andresen og Sigrid Beate Eskeland

I tillegg deltok soknediakon Olaug I. A. Gloppen og diakonimedarbeidarane Solveig Høyland og Solbjørg H. Angeltveit.

SAKLISTE

2024/46- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med ein tilleggsak: Førespurnad om foredrag «Vårherres krigere»

2024/47- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2024/13- 340 Diakoniarbeidet i Stord sokn (Utsett frå møte i februar)

Soknerådet har invitert dei tilsette innanfor diakoni til møtet. Me ønskjer å høyre om arbeidet som gjerast innanfor diakoniområdet i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram arbeidet innanfor diakonifeltet. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela diakoniarbeidet godt.

Vedtak: Soknerådet takkar for ei god orientering om arbeidet innan diakonien og tek med seg innspela i samtalen i det vidare arbeidet.

2024/43- 012 Evaluering av soknerådsarbeidet så langt (Utsett frå førre møte)

Soknerådet har no vore i gong ca eit halv år og det er tid for å tenkje saman om korleis vi jobbar saman og om vi ønskjer å gjere nokre justeringar før hausten.

Moment frå samtalen:

- Opplever at det er gode samtalar i rådet. Mange gler seg til å kome på møtene.
- Kjekt med orientering om det som skjer i kyrkja frå soknepresten og andre.
- Kjekt å vere med i et sokneråd med engasjement og gode tankar om arbeidet.
- Har vore litt tidspress i fleire av soknerådsmøtene, som særleg har gått noko utover orienteringssakene.
- Varamedlemmene opplever det positivt å være velkommen på alle møter, og det er veldig kjekt at mange av dei deltek på fleire møter enn dei er kalla inn til.
- Gode innkallinger og saksførebuing.
- Første halvår har vore lærerikt ift kva som rører seg «bak kulissane».
- Opplever at det er viktig å engasjere fleire frivillige for å kunne gjere dei tinga vi ønskjer
- Kyrkjelivsutvalet er blitt ei fin gruppe ift samarbeid og initiativ
- God leiing og ein fin kombinasjon mellom her-og-no fokus og lengre linjer
- Innspel om at ein tåler ei tydelegare ordstyring for å sette strek når vi gjentek oss sjølv. Vi prøver halde på tidsramma på 2 timar framfor å la møtene trekkje mykje ut i tid.
- Sidan sakshandsamarar ikkje har kunna møtt dette halvåret fell mykje sekretærarbeid på leiar. Det går fint, men leiar ønskjer gjerne at nokon andre kan skrive referat i møta så ein slepp å kombinere møteleiing og skrivning. Kirsti har sagt ho kan ta denne oppgava.

Vedtak: Ikkje noko konkret vedtak, rådet tek med innspela i vidare arbeid.

2024/48- 012 Sommarfullmakt

Neste soknerådsmøte er 4.september og rådet brukar å gje ei utvida fullmakt til AU for å kunne handtere saker gjennom sommarferien som ikkje kan vente til rådet samlast igjen.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak: Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakter er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegere. Vedtaka skal leggast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien

2024/49- 360 Førespurnad om foredrag: «Vårherres krigere. Putin og Trump».

Helge Simonnes har teke kontakt og spurt om me er interesserte i at han held foredraget «Vårherres krigere. Putin og Trump» på Stord tysdag 1.oktober.

Antyda honorar er minstesats frå Norsk Forfattersentrum (kr 6 500,- + reise?), men han har antyda at han kan gå noko ned på pris.

Vedtak:

Soknerådet er positive til foredraget, men ser ikkje at denne type arrangement er innanfor det rådet skal prioritere å bruke pengar på. Rådet legg derfor opp til ein av følgjande:

1. Kontakte Kyrkjeakademiet (v/Dag Eirik Eikeland) for å sjå om dei ønskjer eit samarbeid om dette.
2. Evt melde tilbake at me er positive til foredraget og å promotere det lokalt (evt stille lokale i Kyrkjestova eller Stord kyrkje?), men vi ønskjer ikkje ta økonomisk risiko så det blir opp til foredragshaldar å ta inngangspengar eller kollekt på arrangementet.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Aktiviteten går ned til ferienivå framover med fellesgudstenester mm.
 - b. Mange kjekke opplevingar førre helg med drop-in dåp fredag, stand i sentrum på laurdag og pubgudsteneste på søndag!
 - c. Dag startar ei arbeidsgruppa for å realisere «Salmar på pub» på Osvald Pub.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - a. Fellesrådet brukar mykje energi på to store utfordringar: Bemanning og økonomi.
 - b. Dei to kandidatane til trusopplærer- og diakonimedarbeidar stillingane har takka nei til jobben, og ein har førebels ikkje nye ressursar til oppstart i haust. Stillingane er lyst ut på nytt, og alle oppmodast til å tipse aktuelle søkjarar.
 - c. Noko positiv utvikling ift tilgjengelege ressursar på administrativt område.
 - d. Økonomi: Økonomirapporteringa antydar førebels at ein styrer mot det resultatet ein har budsjettert med. Utfordring knytta til å finne løysingar for stell av gravplassen i sommar.
3. Innspel frå utvala
4. Oppdatering på arbeid med container til Cuba
 - a. Arbeidsgruppa er i gong og har hatt første møte med Kjell Ove Hatlem i Normisjon.
 - b. Tek sikte på at arbeidet startar opp over ferien og at ein fullfører det ila november.

Skriv, referat og meldingar

1. Informasjonsbrosjyre om satsingar for Stord sokn.
Innspel i møtet:
 - Fint format og bilde for forsida
 - Litt mykje tekst om vi forventer at folk lesar den
 - Tittelen «Plan for» er noe tørr. Redusere til «Stord sokn» eller «Stord sokn satsar»
 - Noen konkrete feil i informasjonen (Jørgen spiller inn det)
 - Mer fokus på å «selge» satsingene
 - Oppsummert: Me ønskjer å oppdatere formatet til eit med noko mindre tekst.Soknerådsleiar følgjer opp dette med mål om oppdatert brosjyre før oppstart til hausten.
2. Referat kyrkjelivsutval 21.mai
3. Rekneskapsrapport pr 31.mai
4. Referat Kyrkjestova Fredheim 27.mai